



Vestland Venstre  
Fylkestingsgruppa

## Årsmelding 2020

### Venstre si fylkestingsgruppe i Vestland

### Oppsummering frå gruppeleiaren

Som den følgande oversikt visar, har det vore eit aktivt år for Venstres fylkestingsgruppe i Vestland fylkeskommune. Mange viktige og utfordrande sakar har vore til behandling i fylkeskommunens folkevalde organ.

Dette har også vore det første heile virkeåret for den nye Vestland fylkeskommune. Den er utvilsamt kome for å bli.

Ved fylkestingsvalet i september 2019 gjorde Venstre diverre heller eit dårlig val. Vi fekk bare inn to faste representantar i fylkestinget. Men etter iherdige og kloke forhandlingar, vart Venstre ein del av den koalisjonen som no styrar fylkeskommunen.

Det er ingen tvil om at det å være med i posisjonen, har gitt oss optimal utteljing både kva politisk påverking og politiske posisjoner angår: Forutan 2 representantar i fylkestinget, er vi representert i fylkesutvalet, finansutvalet, samt hovudutvala for næring og kultur/idrett/integrering. I tillegg deltar vi i fraksjonens formøter til hovudutvala for opplæring og samferdsel.

Fylkestingsgruppa har elers hatt eit godt samarbeid med Vestland Venstres fylkesleiar og fylkesstyre.

Takk til alle for flott innsats og godt samarbeid.

### Samansetting og representasjon

**I perioden september 2019 til mai 2020 har følgjande representert Venstre i Vestland fylkesting:**

**Fylkestingsrepresentantar**

Gunnhild Berge Stang	Gruppeiar, medlem av fylkesutvalet, planutvalet, finansutvalet og utval for Næring.
Alfred Bjørlo	Nestleiar i utval for Kultur, Idrett og Integrering

**Vararepresentantar**

Geir Kjell Andersland	Varamedlem i utval for Kultur, Idrett og integrering
Agnes Bernes	Deltok på fraksjonsmøta i utval for Opplæring- og Kompetanse
Tom Hiis Berg	Deltok på fraksjonsmøte i utval for Samferdsel- og Mobilitet
Astrid Knutsen Hårstad	Varamedlem fylkestinget
Elizabeth Toft Erichsen	Varamedlem fylkestinget
Torstein Tvinnereim	Varamedlem fylkestinget

**I perioden frå mai 2020 har følgjande representert Venstre i Vestland fylkesting:**

### Fylkestingsrepresentantar

Alfred Bjørlo

Medlem av fylkesutvalet, finansutvalet, fylkesvalstyret og valnemda.

Geir Kjell Andersland

Gruppeleiar, nestleiar for utval for Kultur, Idrett og Integrering

### Vararepresentantar

Agnes Bernes

Deltar på fraksjonsmøta i utval for Opplæring- og Kompetanse

Tom Hiis Berg

Medlem i utval for Nærings

Astrid Knutsen Hårstad

Deltar på fraksjonsmøta i utval for Samferdsel- og Mobilitet

Elizabeth Toft Erichsen

Varamedlem fylkestinget

Torstein Tvinnereim

Varamedlem fylkestinget

## Organisering og arbeid

Gjennom året har fylkestingsgruppa hatt gruppemøter i forkant av alle fylkesting og møta i dei fire hovudutvala. I byrja av 2020 hadde gruppa eit fysisk møte, elles har resten av møta vore digitale. Alle fylkestingsrepresentantar, dei øvste vararepresentantane, Vestland Unge Venstre, Vestland Venstrekvinnelag og AU i Vestland Venstre vert invitert til gruppemøta.

I mai 2020 fekk Gunnhild Berge Stang jobb som statssekretær i Kulturdepartementet og tok dermed permisjon frå alle sine fylkeskommunale verv. Alfred Bjørlo fekk da den faste plassen i fylkesutvalet, i tillegg til plass i finansutvalet. Geir Kjell Andersland tok over rolla som gruppeleiar og fekk plassen som nestleiar i utval for Kultur, Idrett og Nærings. Tom Hiis Berg fekk den faste plassen i utval for Nærings.

Sidan Venstre ikkje er representert i to av hovudutvala, så har gruppa har valt å organisere seg slik at ein møter i koalisjonen sine fraksjonsmøter for dei utvala. Agnes Hoshovde Bernes møter i fraksjonsmøta til utval for Opplæring og Kompetanse, medan Astrid Knutsen Hårstad møter i fraksjonsmøta til utval for Samferdsel og Mobilitet. Denne organiseringa har fungert særsla bra, da det gjer Venstre moglegheit til å være med å påverke politikken i utval ein ikkje sitt i.

Gjennom året har samarbeidet med fylkesstyret i Vestland Venstre fungert godt. Gruppeleiar eller ein anna representant for gruppa har møtt på dei fleste styremøter i fylkeslaget.

I løpet av 2020 har ein snakka om behovet for på tilsette ein sekretær i fylkestingsgruppa. Agnes Hoshovde Bernes vart i januar 2021 tilsett som sekretær for fylkestingsgruppa i 20% stilling.

## Politikk

Innan samferdsel har det vore mange spennande sakar, men sakane om regional transportplan for Vestland og saken om båtsamband i Sogn og Fjordane har vore spesielt store. I saken om båtsamband i Sogn og Fjordane fekk Venstre gode gjennomslag. I byrja av 2021 vedtok fylkesutvalet at i frå 2024 skal alle båtar som i dag går på ekspressbåtrutene Bergen-Sogn og Bergen- Nordfjord, samt lokalbåtane i Flora-bassenget, Høyanger og Vik, skiftast ut med båtar med nullutsleppsteknologi. På Kystvegekspressen Florø-Selje skal det testast ut verdas første hydrogendrivne fartøy tilpassa rutegåande transport, med mål om å få hydrogenbåten i fast trafikk så snart fartøyet er godkjent og sertifisert. Det vil bety eit raskare, meir komfortabelt og stillegåande og langt meir moderne fartøy enn det som går på strekninga Florø-Måløy med forlenging heilt til

Selje. Fylkesutvalet har også presisert at det skal leggast til rette for å opprette samanhengande båtruter heilt til Ålesund etter at Stad Skipstunnel opnar.

I fylkesbudsjettet for 2021 vart det vedtatt ei auka satsing på både dekkelegging på fylkesvegar, rassikring, billigare og betre kollektivtransport i Bergens-regionen og billigare ungdomskort som gjelder for heile Vestland fylke.

Innan kultur, idrett og integrering har ein behandla ein rekke saker i 2020. Her nemnes fordelinga av tiltaksmidlar på 17, 8 millionar kroner grunna pandemien sine negative verkingar for kultur og idrettsfeltet. I forbindelse med at arbeidsområdet inkludering og integrering no er etablert som eit nytt politikkområde under utvalet, har det vært fleire sakar om samarbeid med Vestland innvandrarråd og Kontaktutval for innvandrarar og styresmakter( KIS). 1000 år med kristendom i Noreg skal bli markert på Moster i 2024. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har sluttat seg til riksjubileet og har oppretta eit jubileumsselskap for Moster 2024. Ein har starta arbeidet med regional kulturplan for Vestland. Hordaland og Sogn og Fjordane har begge kvar sin kulturplan frå tidlegare. No er det behov for en ny og samla plan for Vestland fylkeskommune. Venstres Geir Kjell Andersland er valt av fylkestinget til å være saksordførar for arbeidet med Regional kulturplan. Elles har det i utvalet vore ein rekke sakar vedrørande bibliotek og museum.

Innan opplæring og kompetanse har det vore fleire store sakar, men dei største har nok vore nærskulematrisen og opplæringstilbodet. Det var foreslått ein del kutt i opplæringstilbodet for 2021, men tross vanskelege prioriteringar er me nøgd med resultatet ein enda opp med. I budsjettet for 2021 fortsette samarbeidspartia satsinga på eit variert utdanningstilbod i heile fylket, ein oppretthaldt produksjonsskulane, miljøkoordinatorstillingane og TAF/YSK linjene. Ein vedtok og at Vestland fylkeskommune skal ha eit psykologteam som skal arbeide lågterskel og ha samtaler med elevar og lærlingar. I investeringsbudsjett fekk ein mellom anna inn ny Askøy vidaregåande skule, ny Førde vidaregåande skule, opprusting av Langhaugen vidaregåande skule, utviding av Eid vidaregåande skule og ny akvhall ved Måløy vidaregåande skule.

Innan næring har ein behandla eit mangfold av sakar. Ein har fått i gong ei satsing på ein ny fiskerihamn på Børnlo og sagt ja til ei liknande satsing i Kalvåg i Bremanger. Ein har vedtatt ein plan for elektrifisering av luftfart, der målet er å gjere Vestland til verdens fremste pionerområde for elektriske fly gjennom elektrifisering av de sterkt subsidierte distriktsrutene på kortbanenettet. Vestland har og blitt det første fylket som har vedtatt ein plaststrategi. Andre viktige sakar i næring har vore kommunale næringsfond, innovasjons-tilskot og utdeling av koronamidlar til næringslivet.